

# Høg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 – Påskenummer 2016 – 87. årg.



*God påske*

# Helg og Høgtid

## REDAKSJON:

Kyrkjekontoret

Telefon: 350 65 470

Bankgiro: 2711.20.31826

post@seljordkyrkje.no

## Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00

Onsdag 09.00-13.00

Torsdag 09.00-13.00

Elles treffetid etter avtale.

Kontoret kan være ubemannet pga oppdrag ute.

## Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim

Mobil: 907 78 921

dag.harald@seljordkyrkje.no

Ungdomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409

petter@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje Jon Svarddal

Mobil: 917 23 967

jon@seljordkyrkje.no

Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470

k-griggs@online.no

Sekretær/soknediakon

Svanhild Rui Gustavsen

Telefon: 35 06 54 70

Mobil: 915 77 011

svanhild@seljordkyrkje.no

## Kyrkjeternarar:

Ivar Øygarden

Mobil: 907 84 971

Eilev Eiesland Bjørge

Mobil: 975 45 943

## Seljord sokneråd:

Kristine Nystad

Mobil: 466 52 462

## Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skårnes

Mobil: 909 49 415

## Åmotdal sokneråd:

Roar Gjessing

Telefon: 958 67 866

## Heimeside:

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

## Framsida:

Mikhail Nesterovs (1862-1942)  
bilde av engelen Gabriels budskap til Maria.

# Andakt



Jeg jobber for tida mye med to ord: ønsket og elsket. Ikke jobber med, som i at jeg sliter mye med disse ordene, heller ikke jobber med, som i at jeg forsker på det eller skriver en avhandling om etymologien i disse ordene. Nei, jeg jobber med det fordi Ønsket og elsket er navnet på et felles ungdomsarbeid mellom menigheter i Øvre Telemark, for konfirmanter og ungdomsledere.

Dette navnet gir oss en tydelig retning for arbeidet, som skal gjennomsyre alt vi gjør: å formidle til ungdommene at de er ønsket og elsket. Da handler det ikke kun om å formidle gjennom ord, men å gi opplevelser av at dette faktisk er sant.

Å få oppleve at du er ønsket av Gud for den du er, at Gud mer enn noe annet ønsker en relasjon til deg, som er skapt i hans bilde. Og, at du er ønsket i fellesskapet, enten det er sammen med andre ungdommer på leir, på gudstjeneste i kirka eller annet.

Og videre at du er elsket av Gud slik du er, at ingenting du kan gjøre vil gjøre at Gud elsker deg mer eller mindre, at Gud elsker deg så høyt at han, ved Jesus, har gitt livet sitt for deg.

Det nærmer seg påske, og vi følger påskehistorien fra Jesu inntog i Jerusalem på Palmesøndag, til det siste måltidet med disiplene/nattverden på Skjærtorsdag, videre ut til Getsemane der Jesus blir tatt til fange. Torturert, dømt til døden og drept på korset på Langfredag, stod opp fra de døde på 1. Påskedag. Eller sagt med trosbekjennelsen: "...pint under Pontius Pilatus, korsfestet, død og begravet. Stod opp fra de døde tredje dag..."

Hva betyr dette for deg? Er dette en historie som er relevant for oss som lever i dag?

Jeg tror påskebudskapet, det som skjedde i påsken, er like relevant nå som noen gang, og det som skjedde i påsken danner grunnlaget for at vi kan formidle, ikke bare til ungdommene våre, men til alle: at du er ønsket og elsket.

Hva skal til for du opplever at det er sant?

"For så elsker Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." Joh 3,16

*Petter ungdomsprest*

---

## Skriv deg Jesus på mitt hjerte



Thomas Kingo.

En veldig kjent salme – eller snarere salmevers – både i kirke og på bedehus er Skriv deg Jesus på mitt hjerte.

Visse du at denne salmen – dette salmeverset – egentlig er del av en større helhet?

Thomas Kingo – en av våre største salmediktere – skrev denne sammen på slutten

av 1600-tallet. Kingo var dansk, og skrev en lang og omfattende pasjonssalme til bruk på langfredagens pasjonsmesse. Ett av de totalt 29 versene som er i denne salmen, er Skriv deg Jesus på mitt hjerte.

I sammenhengen er Skriv deg Jesus på mitt hjerte vers nummer 15 i Kingos salme. Verset kommer som et svar på vers nummer 14, hvor Kingo omtaler at Pilatus lar skrive på Jesu kors – Jesus fra Nasaret Jødenes Konge. I påfølgende vers snur så Kingo tankegangen, og gjør den til en bønn fra oss i dag:

*Skriv deg Jesus på mitt hjerte,  
Du min konge og min Gud!  
At ei lyst ei heller smerte  
Deg formår å slette ut;  
Denne innskrift på meg sett:  
Jesus utav Nasaret,  
Den korsfestede, min ære  
Og min salighet skal være!*

La innskriften på korset bli innskriften på hjertet.

*Dag Harald Undheim*

# Organistens spalte



Má - ri - a gjekk i tor - ne-snar. Ky - ri-e e-le - i-  
son. Det ber - re tør - re kvis - tar var der ho gjekk  
fram i tor - ne-snar. Je - sus og Ma - ri - a.

Mikhail Nesterovs (1862–1942, Russland) bilde av Maria budskapsdag på frem-sida minner meg om salmen “Maria gjekk i tornesnar.”

Opprinnelig 1500-talls tekst og melodi er fra Thüringen i Tyskland. Det har kommet med i den nye salmeboken som nummer 123 i en ny oversettelse av Vidar Kristensen.

Keith – 97009470  
k-griggs@online.no

2 Kva bar Maria inni seg?

Kyrie eleison.  
Eit lite barn som var på veg,  
det bar Maria inni seg!  
Jesus og Maria.

3 Då roser skaut i tørre snar.

Kyrie eleison.  
Dei helsa han Maria bar,  
med friske skot i tørre snar.  
Jesus og Maria.

4 Og kva for namn skal barnet ha?

Kyrie eleison.  
Han heiter Jesus, bodet sa  
at dette namn skal barnet ha.  
Jesus og Maria.

5 Kven kom med frelse hit til jord?

Kyrie eleison.  
Det gjorde Jesus, kongen stor,  
han kom med frelse hit til jord.  
Jesus og Maria.



Deltakrar og leiarar på  
LysVaken, overnatting  
i kyrkja for 6.-klassingar  
natt til 1. søndag i  
adventstida.

# Slekters gang

## Seljord

### Døypte:

Magnus Delmark Bjørge

Gunhild Årlid Bjørge

Aslak Tveiten Rørvik

### Døde:

Karin Moen	f. 1938
Anne Loftsgarden	f. 1921
Anne Kjellrun Mo	f. 1931
Sigmund Halden	f. 1936
Anne Norgaard	f. 1922
Trygve Sandsdalen	f. 1936
Ruth Petra Fjågesund	f. 1921

Agnes Nordgarden

Nils Jan Stenstad

Anne Loftsgarden

f. 1924

f. 1942

f. 1923

## Flatdal

### Døypte:

Bjønn Skogheim Angre

Marie Haugum Nordskog

### Døde:

Monica Ruth Dächert f. 1943

## Nutheim kapell

### Døypte:

Tor Aasan

# Påske i kyrkja

## Palmesundag 20. mars

### Skimesse på Myrvoll i Åmotsdal kl 12

Saman med sokneprest Dag Harald starter vi vandringa gjennom påskefortellinga med Jesus som rid inn i Jerusalem.

## Skjærtorsdag 24. mars

### Nutheim kapell kl 19

Intim og stemningsfull gudsteneste med nattverd og kyrkjekaffi i Nutheims gamle prestegard. Dag Harald er prest.

## Langfredag 25. mars

### Manndal kapell kl 11

Lidingssoga blir lesen under gudstenesta. Dag Harald er prest.

## Seljord kyrkje kl 19

Pasjonsgudsteneste med meditativ orgelmusikk ved Keith Griggs. Dag Harald er prest.

## 1. påskedag 27. mars

### Seljord kyrkje kl 11

Den store oppstodedagen blir feira med ei høgtidsgudsteneste med Gunn Steinstad på trompet. Dag Harald er dagens prest.

## Svartdal kapell kl 15

Her er moglegheit for å kombinere lett skitur med påskegudstenesta. Vi syng påskesalmar og høyrer påsketankar ved Dag Harald i det stemningsfulle kapellet.



**Velkommen til  
Fasteaksjonen  
2016**

**«I kriser er vann  
kritisk»**



**Fasteaksjonen 2016**

Årets fasteaksjon skal gjennomførast tysdag 15. mars 2016.

Konfirmantane vil gå ut to og to og samle inn. Som vanleg går inntekta til Kirkens nødhjelp. Årets aksjon har denne overskrifta:

**I kriser er vann viktig.**

Vi vonar kvar einskild i prestegjeldet vil vere med og støtte aksjonen når konfirmantane bankar på døra.

**Konfirmantar i Seljord kyrkje  
8.mai 2016**

Karsten Enberget Aanonsen  
Tom André Tveit Bergland  
Bergit Børve Brekke  
Celine Ellingsen Forbord  
Brynjar Heggelund Grave  
Anders Tørre Grinaker  
Malin Gjerlid  
Heidi Grue Holth  
Anna Nenseter Jensen  
Anne Lene Loftsgarden  
Anders Slåkvik  
Levon Tadevosyan  
Kristoffer Torsdal  
Marie Tveit  
Elisabeth Nilsen Østensen


**Konfirmantar i Flatdal kyrkje  
22.mai 2015**

Eskild Westbye Abrahamsen  
Vidar Funner  
Gyda Høydahl  
Julie Andersen Natadal  
Inge Valhovd

**Konfirmantar i Åmotsdal kyrkje  
22.mai 2016**

Jonas Herfoss Aase  
Anne Groven  
Geir Magne Teigland Kleivi  
Jan Einar Øverbø

# Kyrkjevandring med konfirmantane



Åmotsdal kyrkje.

Torsdag 21. februar 2016 blei det arrangerert Kyrkjevandring med alle konfirmantane i prestegjeldet.

Kyrkjevandring går ut på at alle konfirmantane får vere med til dei tre hovudkyrkjene våre – Åmotsdal, Flatdal og Seljord. Her blir dei gjort kjende med både den aktuelle kyrkja, samt med kva dei ulike tilsette i prestegjeldet har som hovudansvarsområde.

Ungdomspresten var leiar for opplegget. Soknepresten orienterte i Åmotsdal om kyrkja der, medan diakon og kyrkjeverje hadde tilsvarande orienteringar i Flatdal og Seljord kyrkjer.

I Flatdal fekk konfirmantane i tillegg ei solid innføring i kyrkjemusikken. Kanten hadde ansvaret for dette.

Kyrkjevandringa vart avslutta med eit godt måltid mat i Seljord.



Konfirmantar på Kyrkjevandring i Flatdal kyrkje.




Kantoren fortel om kva kyrkjemusikk er.

# Møter i sokneråda

Seljord prestegjeld består av tre ulike sokneråd – Åmotsdal, Flatdal og Seljord.

Dei ulike sokneråda har regelmessig møter – om lag ein gong kvar månad. Åmotsdal har møte måndagar på Åmotsdal Grendehus, Seljord har tysdagar på Kyrkjekontoret, medan Flatdal har torsdagar på Flatdal Bibliotek.

Møta i sokneråda er opne. Dersom du ønskjer å vere til stades på eit møte er du hjarteleg velkommen til dette. Ta kontakt med kyrkjekontoret for nærmere informasjon om møtetider.



Åmotsdal sokneråd ønskjer å prioritere vedlikehald av mellom anna den gamle kyrkjestogo i Åmotsdal.



*Seljord sokneråd samla til møte på Kyrkjekontoret.*



*Flatdal sokneråd samla til møte på Flatdal bibliotek.*

# Soknerådsleiarane våre

Helg og Høgtid ønskjer å presentere soknerådsleiarane våre. I samband med dette har me gjeve dei to spørsmål :

- 1. Kva for oppgåver vil soknerådet prioritere i tida som kjem?**
- 2. Kva er kyrkjas viktigaste funksjon i lokalmiljøet i dag?**

Leiaren av soknerådet i Åmotsdal – Roar Gjessing – har svara slik på dei to spørsmåla:

Soknerådet i Åmotsdal vil prioritere vedlikehald og oppussing av bygningane til kyrkjelyden (kyrkja og kyrkjesto-  
go), og det same med omsyn til kyrke-  
gard og uteområde. I tillegg ønskjer me  
å styrke aktivitetar me allereie har – til  
dømes å få til meir musikk i ljosmess  
føre jol. Dette vil me gjere i samarbeid  
med organisten og andre tilsette i kyr-  
kjelyden.

Dessutan seier soknerådsleiaren at dei  
vil arbeide for å få attende til Åmotsdal  
ulikt utstyr og inventar som er teke bort  
frå kyrkja.

Når det så gjeld kva som er kyrkja si  
viktigaste funksjon i lokalmiljøet i dag,  
så meiner me i Åmotsdal at dette må  
vere at kyrkja er tilgjengelig for dei som  
av ulike grunnar har behov for kyrkja.

Me vil freiste å kome med presentasjon  
av dei to andre soknerådsleiarane i neste  
nummer av Helg og Høgtid.



*Roar Gjessing – soknerådsleiar i Åmotsdal.*

## **Hans Nilsen Hauge, mannen som endra Noreg**

Åmotsdal sokneråd saman med pinsemenigheten Betel planlegg eit haugeseminar på Åmotsdal Grendehus laurdag 16. april.

Leiaren for haugeinstituttet, Sigbjørn Ravnåsen og kona Signe held  
foredrag, og det vert innslag frå  
fleire. Noter datoén allereie no, pro-  
grammet kjem ein attende til.

## Diakonens hjørne



### Tenk, nå skriv vi 2016!

2015 er eit minne, og det nye året ligg framfor oss, blankt og nytt.

«Hver dag er en sjeldan gave ...» står det i ein song. Kan vi ta i mot dagane som kjem til oss med forventning, som ei gåve? Det kan bli utfordringar, gleder og sorger, tunge og lette dagar, morosame, spennande dagar, kjedelege dagar,- like fullt er dei ei gåve, dei kjem til oss utan at me treng gjera noko som helst! Men kva du og eg fyller dagane våre med, kan me bestemme litt over.

Kanskje har du lyst, og litt tid til å drive med frivillig arbeid i kyrkjelyden? Då er du velkommen til å ta kontakt. I Seljord og Flatdal har me frivillig klokkarteneste/tekstlesarar. Desse får fordelt sundagar der dei les tekstar i gudstenesta. Dei kan også vera med å dele ut nattverd.  
Kanskje dette er noko for deg?

Eller om du syns det er triveleg å bake og koke kaffi, så treng vi fleire som kan dele på å lage til kyrjekaffi.

Tysdagklubben på Misjonshuset i Seljord har også behov for fleire frivillige til å vere med å drive denne trivelege klubben for barn i alderen 3 – 12 år.

Viss noko av dette fangar di interesse: ta kontakt med Kyrkjekontoret, kom innom, eller ring 350 65 470 / 915 77 011

Påska nærmar seg; enda ein gong skal me få høre om Jesu siste dagar, innstiftinga av nattverden på skjærtorsdag, krossfestinga på langfredag, og så: den glade bodskapen påskedags morgen: Han er oppstanden, halleluja, lov han og pris han, halleluja.

På krossen sona han alle våre synder, seira over dødskreftene og opna vegen inn til Gud for oss alle.

«Men alle som tok i mot han, gav han rett til å bli Guds barn, dei som trur på namnet hans» Joh 1,12

\*\*\*\*\*

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf 915 77 011 / 350 65 470

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

*Ynskjer alle ei velsigning påskehøgtid,  
og ein fin vår  
Svanhild, soknediakon*



For familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.



## VÅREN 2016:

Tysdag 15. mars

Tysdag 12. april

Tysdag 10. mai

kl. 16.30-18.00

på Misjonshuset i Seljord  
(like ved Ungdomsskulen)

## BABYSANG



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og etc. (Mat blir servert)

Dagen er: onsdag

Tid: 11.30

Datoane er :

2. mars, 16. mars og 30. mars

13. april

VELKOMMEN!

Helsing frå Kyrkja i Seljord  
v/Svanhild, soknediakon.

**Viss du lurar på noko, ring:**

Tlf. kontor: 350 65 470

Mobil: 915 77 011



**SELJORDVARMESERVICE AS**

[www.seljordvarme.no](http://www.seljordvarme.no) eller ring oss på **35 08 41 00**

# UNGDOM



Glimt fra leiarleiren i Hjartdal.

Ei kort oppsummering av kva som har skjedd og kva som skjer vidare dette halvåret:

## Leiarleir 5.-7. februar

Helga 5.-7. februar var om lag 50 ungdomsleiarar, i ungdomsarbeidet Ønsket og elsket, frå Seljord, Notodden, Hjartdal og Kviteeid samla på leiarleir på Hjartdal fjellstoge.

## Solidaritetshelg 13.-14. februar

Laurdag 13. februar jobba konfirmantane med å lage ei gudsteneste om temaet ”Solidaritet”, på søndagen var dei med og sette sitt preg på gudstenesta i Flatdal kyrkje.

## Overnatting med ungdomsklubben

Fredag 12.- laurdag 13. februar arrangera ungdomsklubben i Seljord overnatting på Granvin.

## Hemsedal

I starten av vinterferien er nokre ungdomsleiarar frå Seljord med ungdommar frå Notodden kyrkjelyd påvinterleir

i Hemsedal, fire dagar i bakken på ski/brett og mykje sosialt og moro i og utanfor bakken.

## London

Siste del av vinterferien reiser nokre av ungdomsleiarane frå Seljord, Hjartdal og Kviteeid på studietur til London.

## Ulefossnatta

Tradisjonen tro samlast konfirmantane frå Seljord, Bø, Sauherad, Lunde og Ulefoss til felles konfirmantarrangement og uhøgtidleg fotballturnering i Ulefossshallen, det skjer fredag 11. mars

## Fasteaksjonen

Tysdag 15. mars er det årets fasteaksjon til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Ta godt imot konfirmantane og dei andre frivilige som går frå dør til dør med bøsser.

## Felles ungdomsklubb Vest-Telemark

Skal ha eit stort ungdomsarrangement med mykje forskjellige aktivitetar på Dyrskuplassen laurdag 9. april.

# **24 HOURS**

## **festival**

For deg som går i 5. - 7. klasse

**Sumobryting   Gigaball**  
**Konkurranser   Spenning**  
**Klatring   Musikk**  
**Boksing   Tempo   Venner**  
**Bading   Borrelåsvegg**  
**Wipe out   Sug i magen**

**Gullbring Kulturanlegg, Bø i Telemark**  
**16.-17. april kl. 12 - 12**

Påmelding fra 16. mars. Pris kr 400,- / søskenmoderasjon kr. 50,-

For mer informasjon og påmelding:

**[www.bokyrkje.no](http://www.bokyrkje.no)**

Arrangør: Sauherad og Nes menighet, Holla og Helgen menighet, Lunde og Flåbygd menighet,  
Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar, Bø kyrkjelyd, Bø Normisjon og Bø Pinsemenighet

# Fornyelser på Seljord Prestegard

Opplysningsvesenets fond – som er eigar av Seljord Prestegard – vil foreta store og viktige fornyinger på prestebustaden i tida som kjem.

Det viktigaste som skal skje i denne samanhengen er at kjøkenet skal skiftast ut. Det gamle kjøkenet er både upraktisk og lite tidsmessig. Difor skal det setjas inn eit nytt og moderne kjøken – utan at det skal gå ut over bygningens verneverdige rikdom.

I tillegg til kjøkenet skal det dessutan gjerast noko med dei gamle røyra som ligg under bustaden – for å sikre at ein unngår uheldige episodar med tilba keslag av kloakk.

Seljord Prestegard er ein freda bygning med stor kulturhistorisk verde. Den eldste delen av bustaden kan daterast attende til 1654, medan dei øvrige delane skriv seg frå slutten av 1700-talet.

I tillegg til å vere ordinær prestebustad, inne-



*Seljord Prestegard*

held bygninga og eit eige Landstad-rom i 2. høgda.

Det har i den siste tida vore mykje skriving om prestegardane og konsekvensar av bortfalle av buplikta for presteskapet. Det er i dag ingen ting

som tyder på at dette vil få nemneverdige konsekvensar for Seljord Prestegard.

Soknepresten bur i dag i prestebustaden i Seljord.

# Fastetida - vegen mot påske



## FASTETIDEN

Jola er forbi, og vi vender oss mot den andre av våre tre kyrkjelege høgtider – nemleg påska.

På same måte som advent er førebuings-tid til jol, er fastetiden førebuingstid til påske.

Fastetida – eller langfasta som ho gjerne blir kalla – er tida fra oskeonsdag og fram til påskedag. Etter tradisjonen skal vi avstå fra blant anna kjøtmat i denne tida – på alle dagar bortsett fra sundagar. På den måten får vi førti dagar faste fra oskeonsdag til påskedag.

*Kva er poenget med dette da? Kvifor faste?*

Poenget er at i denne tida skal vi bruke litt ekstra tid til åndelig fordjuping og ettertanke – ramma inn av dei sentrale elementa i kristenlivet, nemleg bibel og bøn, samt samling kring Herrens nattverdbord innanfor rammene av dei heilages samfunn. Dette siste vil vi leg-

gje til rette for i Seljord kyrkje onsdag 02. mars 2016 kl 19:00.

Opp takten til fastetida skjer i fastelavns-tida – dei tre siste dagane føre oskeonsdag. I årets tekst for fastelavnssundag sto det at Vår Herre tok lærersteinane til sides og talte med dei. I desse orda ligg den djupaste meinings med fastetida – at han får ta oss til sides og tale til oss og med oss.

God fastetid, og vel møtt til fastemesse i Seljord kyrkje første onsdag i mars.

*Dag Harald Undheim*





Vekanvegen 10  
3835 Seljord  
Telefon 35 06 44 44

HVORDAN HAR DU DET  
*egentlig?*



Kirkens SOS 815 33 300

ET Menneske Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# Nordgarden Bygg

Ämotsdalsvegen 1615, 3844 Ämotsdal  
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

ATELIER  
ÅSÆ

3840 SELJORD  
Telefon 350 50 809

SAUM  
VEV  
TREARBEID  
STOFF  
GARN

Alt i møbler  
**BoSenteret as**

Møbel- og teppeforretning  
Postboks 44 - 3835 Seljord

Smarte klær hele året fra  
**EVELYN'S MAGASIN A/S**

Seljord - Telefon 350 50 955

**MIN SALONG**

Damefrisør

Seljord - Telefon 350 50 296

**T.TVEITAN %**

Brøløsvegen - 3840 Seljord  
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør  
**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
www.dyrud.no post@dyrud.no

*Når du trenger elektriker*





## Granvin kulturhus Ba

### Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

Nyveg 16 - 3840 Seljord – Telefon 35 06 59 90 – Telefaks 35 06 59 99  
epost: [post@gravinkulturhus.no](mailto:post@gravinkulturhus.no) – [www.granvin.kulturhus.no](http://www.granvin.kulturhus.no)



Telefon 91 76 76 72

Ivar Johansen  
Seljord

## Gravminner

Navnetilføyelser  
Omslip og oppussing



**STEINRIKET**  
**NORDICSTONE AS**

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjødalbyng - Telefon 33 15 64 64 - [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

## BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



**TLF. 975 17 817**



**byggmester@live.no**



## Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal

Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661

[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)





## TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière. Hørselshemmedes Landsforbund – [www.hlf.no](http://www.hlf.no)



## BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



*Seljord*  
Sparebanken DIn

Lokalbanken i Vest-Telemark  
Tlf: 35 06 57 00  
[www.sparebankendin.no](http://www.sparebankendin.no)  
[firmapost@sparebankendin.no](mailto:firmapost@sparebankendin.no)



*Statoil Service Seljord*

Forhandler Kjell Birger Teigen  
3840 Seljord  
Telefon: 35 05 04 88  
Telefon privat: 35 05 05 64  
Bankgiro: 2711.05.00179



*Funnemark SELJORD A/S*

*Ny eller brukt bil i alle prisklasser*

Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal  
Rør as**

[post@morgedalror.no](mailto:post@morgedalror.no) - 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 SELJORD

**Aasmundsens Bakeri A.s**

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

*Alt i bakevarer*

## Kyrkjekontorets opningstider

Seljord kyrkjekontor har normal opnings-tid tysdag, onsdag og torsdag fra 09:00 til 13:00. Men på grunn av ulike oppdrag i prestegjeldet, kan det skje at kontoret likevel ikke er betjent noko tidspunkt. Dette kan vere på grunn av gravferd, institusjonsandakter, føremiddagstreff etc. Difor kan det vere smart å ringe på føre-hand, slik at du er viss på at du finn folk til stades når du skal gjøre oppdraget ditt.

*Velkommen innom!*



## Nutheim Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen

Telefon 35 05 21 43

## ALT I INNRAMMING

Ring for avtale  
eller stikk innom



Om oss, bilder og kart:

[www.rammeforum.com](http://www.rammeforum.com)



## RAMME F.O.R.U.M

3840 Seljord  
Telefon 35 05 02 10

## FØREMIDDAGSTREFF

### Vår 2016

#### FLATDAL

Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00

Sion 9. mars

Flatdal Bedehus 6. april

Sion 11. mai

#### Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,  
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

#### SELJORD MISJONSHUS

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

29. april

*Med helsing Seljord sokneråd*

#### STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

11. mars

17. juni

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Steinmoen Bu – og servicesenter og  
Åmotsdal sokneråd*

#### SION I LANGLIM

Dag: Måndag Tid: kl. 11.00

30. mai

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannndal kapell

## GUDSTENESTER

**Domssøndag/Kristi kongedag – 3. s. i fastetida – 28. februar**  
Inga gudsteneste i prestegjeldet.

**Onsdag 2. mars**

**Seljord kyrkje kl. 19.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Fastegudsteneste m/nattverd.

**4. s. i fastetida -6. mars**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Helg og Høgtid

**Maria bodskapsdag -13. mars**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Palmesøndag – 20. mars**

**Skimesse på Myrvoll i Åmotsdal kl. 12.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Helg og Høgtid.

**Skjærtorsdag - 24. mars**

**Nutheim kapell kl. 19.00**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Ungdomsarbeidet.

**Langfredag -25. mars**

**Mannndal kapell kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Bibelselskapet.

**Seljord kyrkje kl. 19.00:**

Dag Harald Undheim.

**1. påskedag- 27. mars**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Helg og Høgtid.

**Svartdal kapell kl. 15.00:**

Dag Harald Undheim

**2. s. i påsketida- 3. april**

**Åmotsdal kyrkje kl. 12.00:**  
Tårnagudsteneste.  
Offer: Barne – og ungdomsarb.

**3. s. i påsketida -10. april**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Sprell Levande gudsteneste.  
Offer: IKO

Utdeling av dåphelsingar til  
3-åringar, og 5-åringar.

**4. s. i påsketida- 17. april**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Israelsmisjonen.

**5. s. i påsketida- 24. april**

**Åmotsdal kyrkje kl. 11.00:**  
Samtalegudsteneste m/konfir-  
mantane. Petter Jakobsen.  
Offer: Konfirmantfest på  
Grendehuset etter messa.  
Offer: Barne – og ungdomsarb.

**6. s. i påsketida -1. mai**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00:**  
Offer: Kirkens Bymisjon

**Kristi himmelfartsdag – 5. mai**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**  
Dag Harald Undheim.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

**Søndag før pinse – 8. mai**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**

Konfirmasjon. Petter Jakobsen.  
Offer: Barne – og ungdomsarb.

**Seljord kyrkje kl. 13.00:**

Konfirmasjon. Petter Jakobsen.  
Offer: Barne – og ungdomsarb.

**1. pinsedag-15. mai**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**

Dag Harald Undheim.  
Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden.

**Grunnlovsdagen – 17. mai**

**Seljord kyrkje kl. 10.30:**

Dag Harald Undheim.

Offer: Tysdagsklubben.

**Flatdal kyrkje kl. 12.00:**

Dag Harald Undheim.

Offer: Sundagsskulen og Barne-  
laget.

**Åmotsdal kyrkje kl. 14.30:**

Dag Harald Undheim.

Offer: Sjømannsmisjonen

**Treeiningssøndag- 22. mai**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00:**

Konfirmasjon. Petter Jakobsen.  
Offer: Barne – og Ungdomsarb.

**Åmotsdal kyrkje kl. 13.00:**

Konfirmasjon. Petter Jakobsen.  
Offer: Barne- og ungdomsarb.

**2. s. i treeiningstida – 29. mai**

**Seljord kyrkje kl. 11.00:**

Dag Harald Undheim.

Offer: Blå Kors.

*Atterhald om endringar*